

Evalueringsmøte om ”Sats på skulen – snu Sogn”, 20. mai 2011, Balestrand

A – Kva har kommunane og regionen oppnådd gjennom prosjektet ”Sats på skulen – snu Sogn”? (Alle gruppene deltok på dette spørsmålet):

- Auka fokus og merksemd på innhald, kvalitet, kvalitetsutvikling og kunnskap
- Skuleeigar og politikarane har blitt meir bevisst på og involvert i skule og barnehage, og kjem tidlegare inn i prosessane
- Regionen har fått eit styrka omdømme som utviklingsaktør på området
- Har vore samlande for regionen og regionrådet
- Styrka rekruttering og omdømme, frå festtalar til optimisme og realitet
- Prosjektet legg opp til fleire møteplassar og dialog på tvers av nivåa.
- Styrka leiarkompetanse som fører både til auka fokus på klasseleiing og læringsmiljø og til sterkare fokus på organisasjonskultur
- Entreprenørskap og entreprenørskapsmessene, med utvikling mot sosialt og kulturelt entreprenørskap og fokus på moglegheitene og kreativitet
- Kultur for auka kompetanse, deling og samhandling, både fagnettverk og leiarutdanningane på tvers av kommunane
- Unikt for barnehagane å delta i leiarutdanning
- Bevisstgjerjing av bhg som kunnskapsbedrift
- Leiarane responderer meir positivt enn før i forhold til samarbeid og medarbeidarundersøkingar, og eit sterkare fokus på organisasjonskultur

- Etablering av fleire møteplassar på tvers av nivåa er ulikt gjennomført i kommunane
- Foreldra kunne i større grad ha vore involvert

B - Korleis eventuelt samarbeide vidare etter at prosjektperioden er slutt? - organisering, finansiering, struktur, oppgåver

- gjennom regionrådet med sterkare kommunalt eigarskap, forplikting og forankring. Setje mål og visjon for samarbeidet fram mot 2016: Skuleeigarprisen
- halde fram med samhandlingsmønsteret på alle nivåa.
- Koordinator på heiltid i regionrådet
- Knyte oss på eksternt fagmiljø (Trond Buland + HSF) og invitera næringslivet
- strengare prioritering pga mindre midlar
- spleiselag, fordelingsnøkkel og ressursutnytting
- invitere næringslivet, og søke om eksterne midlar i fase II i prosjektet
- regionalt utviklingskontor
- styrka kompetanse/ kapasitet på kommunenivået og meir politisk forankring
- Kvar kommune sitt eige programstyre lokalt, med ein lokalansvarleg
- oppgåver som no, men auka fokus på spreiding av beste praksis
- Aktuelle oppgåver: fagnettverk, leiarnettverk, nettverk for entreprenørskap
- spes.ped, klasseleiing, læringsmiljø, overgangar i det 13-årige skuleløpe, spreia beste praksis
- høyringsrunde blant rektorar/ styrarar/ foreldre: kva er behovet?
- utfordring: blanding mellom politikk og administrasjon

C - Korleis vidareutvikla skule- og barnehageeigarrolla? - Kommunikasjon, medskaping, samhandling og organisering

- Avklare og vidareutvikle eigarrolla, forplikte kommunane og prioritere
- Bruke tilstandsrapportar, temadagar, setje av tid til å dele og rullere, lage møtearenaer mellom politikarar og feltet – både regionalt og kommunalt
- Setje skule- og barnehageutvikling inn i samfunnsutvikling
- Visjonar og ”kortreiste mål”
- Større vektlegging på medskaping, positivt med medverknad frå tilsette, tillitsvalde
- Folkevaldopplæring
- Regionråd og høgskule må ha sentral rolle
- Vidareføring av programstyret – arbeidsform og samansetjing